



VALLE KOMMUNE

Teknisk avdeling

SØKNAD OM ENDRING AV KOMMUNALE AVGIFTER

Eigedomen det vert søkt endring for			
Gnr./bnr./fnr./snr.			
Eigar sitt namn			
Adresse		Poststad	
Søker endring i tidsromet (f.o.m. – t.o.m.)			

Vert eigedomen bruka som fritidsbustad? JA NEI

Utifrå gjeldande retningslinjer i Valle kommune (sjå bakside) søkjast det om endring for fylgjande kommunale eigedomsavgifter (kryss av):	
<input type="checkbox"/>	Renovasjonsavgift
<input type="checkbox"/>	Slamtømingavgift
<input type="checkbox"/>	Vatn- og avlaup (anlegget må vere plombera eller kopla i frå)
<input type="checkbox"/>	Feie- og tilsynsavgift (eldstaden må vere plombera)

Grunngjeving for søknaden:	
<input type="checkbox"/>	Ubebudd
<input type="checkbox"/>	Kondemnert/ubebueleg (vedlagt dokumentasjon/bilete)
<input type="checkbox"/>	Eigar bur på institusjon
<input type="checkbox"/>	Eldstad er fråkopla pipa og røykcholet er mura igjen
<input type="checkbox"/>	Eldstad er plombert på fylgjande måte:
<input type="checkbox"/>	Slamavskiljar er kopla i frå på fylgjande måte:
<input type="checkbox"/>	Anna, oppgjev årsak :

Søknad må sendast: Valle kommune, teknisk avd., postboks 4, 4747 Valle eller post@valle.kommune.no.

Stad: _____ Dato: _____.

Underskrift: _____.

Retningslinjer for søknad om endring av kommunale avgifter

Feiing/tilsyn der bygning er oppført/registrert som hytte/fritidsbustad

I utgangspunktet er det ikkje krav om feiing på bygning som er bygd og registrert som hytte/fritidshus. Derimot høgstandardhytter (innlagt vatn/kloakk) er omfatta av eiga forskrift, godkjent av kommunestyret 30.05.2007, sak 31/07. Desse fakturerer Setesdal Brannvesen IKS.

Forskrifta går ut på at Setesdal Brannvesen IKS kan gjennomføre feiing/tilsyn med fritidsbustad minimum kvart fjerde år.

Feiing/tilsyn der bygning er oppført/registrert som våningshus/bustadhus og vert nytta som fritidshus.

1. Har bygninga hytte/fritidsrenovasjon, vert den rekna som "høgstandardhytte" jfr. lokal forskrift, uavhengig om bueinga er tilkopla vatn og avløp, offentleg eller private anlegg. Setesdal Brannvesen administrerer denne ordninga, inklusiv fakturering.

Kommunalt vatn/kloakk.

1. Ein kan få fritak ved plombering, eller fysisk fråkopling.

Slamtøming.

1. Der våningshus, bustadhus vert nytta som fritidsbustad, er det slamtøming kvart 4. år, slik som for hytte/fritidsbustad.
Det vert gjeve fritak frå slamtøming, der vassinntaket er fysisk plombert og kopla ifrå.

Renovasjon.

1. Støylsbuer og næringsbygg er ikkje omfatta av renovasjonsordninga.
Gardsbruk med buplikt: Får ikkje fritak/endring av renovasjon. Dei må ha vanleg hushaldningsrenovasjon.
2. Gardsbruk med utsatt buplikt: Kan søkje om hytterrenovasjon, men ikkje fritak i perioden med utsatt buplikt. Avgifta vert automatisk lagt inn i avgiftsregisteret, når perioden er over.
3. På gardsbruk, med fleire våningshus kan ein søkje om felles renovasjon, sjølv om det eine våningshuset vert nytta som fritidsbustad.
4. Gardsbruk/bustader som vert nytta som fritidshus, kan etter søknad få hytterrenovasjon
Dette gjeld ikkje i regulerte bustadfelt.

Fritak.

Ein kan få fritak frå renovasjon når:

1. Bygning er å betrakte som kondemnert/ubueleg etter dagens standard.
2. Eigar er busett på institusjon og bygning ikkje vert nytta av andre.
3. Ei bygning som vert nytta som utleige, kan søkje om fritak, når bustaden har stått tom i minimum 6 mnd. (Dette gjeld bare renovasjon). Det vert gjeve fritak inntil 2 år av gonga. Avgifta vert automatisk lagt inn i avgiftsregisteret, når fritaksperioden er over.
4. Bygning ligg meir enn 1 km i luftlinje frå biloppstillingsplass sommarstid.

Ved søknad om fritak grunna bygning er å betrakte som kondemnert/ubebueleg, må det sendast inn dokumentasjon i form av bilete, eller ein må på syfaring.

Generelt.

1. Det er huseigar sitt ansvar å gjeve melding til kommunen, ved endring i bruk av bygning.
2. I fritak som gjeld hushaldningsrenovasjon er det huseigar sitt ansvar å tinge dunkar frå kommunen att, når fritaksperioden er over.
3. Det vert ikkje gjeve fritak eller endring på kommunale avgifter, med tilbakeverkande kraft. Det er søknadstidspunktet som gjeld.